



Thomas Fjellsbø  
Vabøvegen 189  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2966 - 20/3532

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
22.01.2020

## Landbrukssak Gbnr 102/4 Haukås - Svar på søknad om fritak frå gjødselplan

# Godkjenning fritak gjødselplan Gbnr 102/4 og 102/2

### Saksutgreiing:

Thomas Fjellsbø har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr102, bnr 2 og gnr 102 ,bnr4. Drifta er 16 sauer og 1 vær. Det er 45 daa innmarksbeite, 34 daa overflatedyrka på bruket. Driftsformen er utgangardrift og han disponerer utmarka på disse to bruka.

Årleg tilført næringsstoff p.r daa/år på slåttearealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal	Kg pr.daa			
425	18-3-15	34	12,5	2,3	0,3	2

### 2,3 GDE

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for nitrogen. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (2,3 GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

## Vedtak

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 31.12.2024 for gnr. 102, bnr. 2, gnr. 102, bnr. 4, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklages etter Forvaltningslova § 28.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Roba  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Thomas Fjellsbø

Vabøvegen 5955  
189

LINDÅS